

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
079/22	Formannskapet	PS	01.09.2022
099/22	Formannskapet	PS	20.10.2022
083/22	Kommunestyret	PS	27.10.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	Plannavn-Klima- og energiplan, Komnr-4632, FE-144	21/240

Kommunedelplan for klima og energi for Austrheim kommune 2022-2032 - Godkjenning

Vedlegg

Kommunedelplan for klima og energi for Austrheim k

Framlegg til vedtak:

Kommunedelplan for klima- og energi for Austrheim kommune 2022-2032 datert august 2022 vert godkjent. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 11-15.

Kommunedelplan for klima- og energi for Austrheim kommune 2022-2032 datert august 2022 vert godkjent. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 11-15.

Formannskapet har tidlegare etterlyst ein eigen klimakonferanse, ein slik konferanse skal arrangerast i løpet av hausten/vinteren.

Ekstra punkt under Energi: Austrheim kommune ønsker ikke industrielle vindenergi-anlegg i kommunen

Formannskapet - 079/22 - 01.09.2022

FS - behandling:

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at dette har vore diskutert politisk. Ønskjer å venta med denne saka til ein har gjennomført ein planlagt lokal "klimakonferanse". Til dette sa Toft at det er viktig å få

planen vedteken i løpet av året, med tanke på utbetaling av tilskot til arbeidet, Lerøy sa at det skal vera mogleg å få til.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Saka vert utsett inntil vidare. Før handsaming skal det arrangerast ein klimakonferanse for politikarane og innbyggjarane, med ulike føredragshaldarar.

Formannskapet - 099/22 - 20.10.2022

FS - behandling:

Sakshandsamar Christopher Straumøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Helge Dyrkolbotn (KrF) viste til at formannskapet ba om ein klimakonferanse før denne planen vart vedteken, her svara ordførar Per Lerøy (Ap) at ein skal leggja inn i vedtaket at ein slik klimakonferanse skal arrangerast i løpet av hausten/vinteren.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte vedtaket.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke, med tillegg

FS - vedtak:

Kommunedelplan for klima- og energi for Austrheim kommune 2022-2032 datert august 2022 vert godkjent. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 11-15.

Formannskapet har tidlegare etterlyst ein eigen klimakonferanse, ein slik konferanse skal arrangerast i løpet av hausten/vinteren.

Kommunestyret - 083/22 - 27.10.2022

KS - behandling:

Asbjørn Nagel Toft orienterte om plan og kva som er viktig i forhold til å ha denne plan. Godkjenning vil utløyse tilskot på 100.000. Ein handlingsplan ligg ved. Skal få på plass ein klimaseminar for

innbyggjarar og næringsdrivande i kommunen.

Jan Erik Espelid (Bya) Planen er svært bra.

Framlegg til tillegg i plan under punkt om Energi: Austrheim komme ønsker ikke industrielle vindenergi-anlegg i kommunen.

Reiar Ulvøy (Ap) Framlegg til vedtak:

Det etableres ei arbeidsgruppe av personer med industriell erfaring og kompetanse . Arbeidsgruppa skal vurdere og foreslå muligheter vi i Austrheim kommune har til å forsyne innbyggerne og næringslivet med prisgunstig energi.

Som eksempel skal gruppa sjå på følgende muligheter: Solcelle, Solvarme , Termisk energi , Vind , Tidevanns- Straumane.

Vi bør kunne forvente at dette kan bli et samarbeidsprosjekt med Industriutvikling Vest og eventuelt med Austrheim Videregående skule.

Helge Dyrkolbotn (Krf): Tanken er god, men er det kommunestyret si oppgåve å få ei slik gruppe opp.

Reidar Ulvøy (Ap): Vi må peike på at vi ønsker ei slik gruppe og bruke lokal kunnskap.

Ordførar Per Lerøy (Ap): Det er eit signal om at Austrheim kommune set seg energiavhengig. Å sette saman ei slik arbeidsgruppe kan vi ta på klimakonferansen.

Helge Dyrkolbotn (Krf): Eg tenkjer det same. Vi kan eventuelt ha det som eit vedlegg til vedtaket i dag.

Varaordførar Inger Lise Brekke (H): Det blir kanskje litt for uklart til å ta det med - støtter tanken om å ta det med i konferansen.

Handsaming i kommunestyret:

Jan Erik Espelid (BYA) sitt forslag med å ta med eit punkt under Energi: Austrheim kommune ønsker ikke industrielle vindenergi-anlegg i kommunen, fekk 12 røyster mot og 5 røyster for.

Desse røysta for: Jan Erik Espelid (Bya), Gro Kaland (Sp). Inger Lise Helle (Sp), Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp), Hardy Pedersen (Ap)

Deretter vart det røysta for kommunedirektøren sitt framlegg: :

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Kommunedelplan for klima- og energi for Austrheim kommune 2022-2032 datert august 2022 vart godkjent. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 11-15.

Formannskapet har tidlegare etterlyst ein eigen klimakonferanse, ein slik konferanse skal arrangerast i løpet av hausten/vinteren.

Saksopplysninger:

Kommunedelplan for klima og energi for Austrheim kommune 2022-2032 kan no godkjennast slik den ligg føre. Denne planen skal vera eit viktig verkty for at Austrheim kommune skal nå internasjonale, nasjonale, regionale og lokale klimamål.

Firmaet Sweco AS har bistått kommunenein del med dette planarbeidet. Arbeidsgruppa for dette arbeidet i Austrheim kommune har elles vore ordførar Per Lerøy, plansjef Asbjørn Nagell Toft og avdelingsleiar på teknisk Rolf Henning Myrmel, arbeidsgruppa har oh involvert andre fagpersonar og leiarar i kommunen I dette arbeidet. Innspel har og kome frå innbyggjar, lag og foreningar og offentlege instansar.

Kommunedirektøren og dei tre kommunalsjefane innafor sine område har det overordna ansvaret for gjennomføring av tiltak etter denne kommunedelplanen. Når planen no vert godkjent er det naturleg å drøfta prioritering av tiltak i kommunedelplanen saman med kommunestyret, ut frå kostnader og tilskotsordningar. Alle relevante sektorar kommunen må ta del I denne omstillinga.

I kommunestyret i Austrheim vart det i møte den 11.11.2021 vedteke i sak 082/21 følgjande **klimamål for kommunen**. Vedtaket var:

Kommunestyret har som klimamål at Austrheim kommune i 2030 skal vera utleppsfri, i år 2050 ein 1,5- graderskommune. Austrheim kommune skal vera ambisiøs i si satsing framover på alternative energikjelder som fjordvarme, varmepumper og solenergi. Det gjeld og satsing på gang- og sykkelveggar og tiltak innafor friluftsliv, idrett og kultur som fremjar folkehelsa og minkar klimautsleppa i kommunen.

Kommunestyret i Austrheim har såleis kome med eit klårt politisk klimamål for dette planarbeidet. Dette målet har vore førande i arbeidet med kommunedelplanen for klima og energi. Planen omfattar både direkte og indirekte klimagassutslepp, og set mål for kommunen som organisasjon og samfunn, den skal vise retningen for klimaarbeidet vårt. Det vert og lettare å få tilgong til offentlege tilskot til klima- og energiomlegging når me no får ein oppdatert plan. Til dømes kan ein då truleg få økonomisk bistand til å få på plass ein rimlegare og miljøvenleg oppvarming av kommunehuset. Solenergi og små vindturbinarknytt på bygg i kombinasjon med bruk av geovarme eller varme frå sjø/vatn, vil og kunne gje oss miljøvenlege energiløysingar til dei kommunale byggja våre framover.

Den første Klima- og energiplanen for Austrheim kommune vart godkjent i 2011. Kommunen fekk I 2021 etter søknad **kr. 100.000** i tilskot av Vestland fylkeskommune til dette planarbeidet, løyvingsbrevet er datert den 07.06.2021. Formannskapet vedtok den 18.03.2021 (sak 030/21) oppstart av planarbeid for plan for klima og energi for Austrheim kommune. Planoppstarten vart annonsert på vanleg måte i lokalavis og heimeside, offentlege instansar og lag/foreningar vart tilskrivne. Innspelfrist vart satt til 18. mai 2021. Det kom 4 innspel. Desse vart handsama i formannskapet i møte den 24.03.2022 (saksnr. 031/22). Planforslaget vart lagt ut på offentlig ettersyn. Høyringsfristenvart satt til 10. mai 2022, dei som ba om det fekk utsatt frist. Det kom inn 8 merknadar til planforslaget (vedlagt). Desse er frå:

1.Statsforvaltaren i Vestland, deira merknad er datert den 18.05.2022: Dei skriv at: *Klima- og energiplanen bør omfatte mål innanfor sentrale fagområde og ha referanse til FN sine berekraftmål. Mål og tiltak i planen bør vere retta mot konkrete utfordringar i Austrheim kommune. Kunnskapsgrunnlaget bør styrkjast, særleg utslepp, naturområde og karbonrike areal. Handlingsprogrammet bør ha plassering av ansvar for oppfølging. Det er positivt at planen får status som kommunedelplan. Kommunen må syte for reell medverknad i vidare planprosess. Dei skriv vidare at: Vi saknar omtale av arealbruk og naturmangfald i planen. Det er viktig å få fram samanhengen mellom klimakrisa og naturkrisa, slik det går fram av sentrale rapportar frå FN sitt klimapanel og*

naturpanel. På sikt bør kommunen vurdere om ein vil nytte seg av arealrekneskap som verktøy.

Dei skriv vidare at: Regjeringa har inngått avtale med organisasjonane i jordbruket om at det skal arbeidast for reduserte klimagassutslepp og auka opptak av karbon frå jordbruket. Det er føreset at produksjonen skal oppretthaldast. Kommunen bør leggje vekt på avtalen i sitt klimaarbeid . Sjølv om det var berre 27 søkarar om produksjonstilskot i 2021 i kommunen, er desse viktige matprodusentar og forvaltarar av jordbruksareal. Å legge til rette for å drive eit mest mogleg klimavennleg jordbruk innanfor dei gitte føresetnadane er viktig.

Austrheim kommune sin kommentar:

Austrheim kommune tek inn viktige moment som er nemnd i uttalen frå Statsforvaltaren inn planen. Det gjeld ansvar for oppfølging, arealbruken, naturkrise og omsyn til naturmangfald. Me tek elles merknaden til orientering.

2.Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland, deira merknad er datert den 13. mai 2022: *Dei skriv: Vi vil rosa Austrheim for å ligge langt framme i arbeidet med både klimaplan og naturmangfaldsplan, og at kommunen med dette vil løfte omsynet til klima og natur i åra som kjem. FNF Hordaland meiner klima- og energiplanane som mange kommunar jobbar med vil vere mellom dei viktigaste planverka for samfunnet, då kommunen står tett på sine innbyggjarar og lokalsamfunn, og ikkje minst tett på eigne areal og utslepp. Mange klima- og miljøtiltak må utformast lokalt, og då er kommunane ein nøkkelatør. Dei skriv vidare at: Vi vil understreka verdien av å ta vare på og restaurere natur i ei tid då tap av natur, tap av artar og klimagassutslepp frå arealinngrep peikar seg ut som ei av verdas hovudutfordringar. FNF Hordaland meiner Austrheim syner ansvar og perspektiv ved å løfte fram det konsumbaserte utsleppet, og innføre tiltak som skal føre til lågare forbruk i offentleg og privat sektor.*

Samfunnet vil etterspørje straum frå fornybare kjelder som me ikkje uavgrensa kan auke produksjonen av utan å øydelegge naturmangfaldet og rekreasjonsområda våre. Difor vil energisparing og -effektivisering verte eit av verdas viktigaste klimatiltak, noko Austrheim tek på alvor. FNF Hordaland ynskjer å føreslå følgjande konkrete merknadar og endringar til planen:

-Austrheim skal som ein del av sitt klimabudsjett legge fram estimat av årleg utslepp frå arealinngrep.

-Austrheim skal legge til grunn estimat av klimagassutsleppa frå økosystem ved alle vedtak om areal- og reguleringsplanar som medfører betydelege arealinngrep.

FNF Hordaland føreslår å endre side 33 til:

Elektrifisering av Noreg er ein viktig del av det grønne skiftet og er sett på som eit sentralt verkemiddel for å redusere CO2-utslepp i energisektoren. Elektrisitet er i utgangspunktet ein utsleppsfri energiberar saman med norsk fornybar kraftproduksjon. Det er dermed behov for ein berekraftig auking av kraftproduksjon frå fornybare kjelder som til dømes geotermisk energi, havenergi, vindenergi, vannkraft og solenergi. Arealinngrep frå utbygging av fornybar energi utgjer eit trugsmål mot naturmangfald, landskap og friluftsliv, og alle kommunar må difor også ta eit felles ansvar for å

spare, effektivisere og prioritere straumforbruket.

Austrheim ynskjer ikkje vindkraft i natur- og friluftslivsområder. Vindkraftutbygging på land har i seinare år forårsaka så skadar på naturen, landskap og bumiljø, og har ført til massive protestar. Dette gjer at ein i framtida må vere ekstra varsam med denne forma for kraftutbygging.

Austrheim kommune sin kommentar:

Austrheim kommune tek inn viktige moment som er nemnd uttalen frå Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland inn planen. Me tek elles merknaden deira til orientering.

3.Statens vegvesen, deira merknad er datert den 12.05.2022. Dei skriv mellom anna at: *Vi tykkjer Austrheim kommune har lagt fram ein oversiktleg og tydeleg plan med handlings- program. Vi likar grepet med å starte med gjennomførte tiltak frå førre plan. Det er viktig å setje ein fot i bakken og sjå på kva ein har fått til før ein går vidare på nye oppgåver. I sin uttale skriv dei og at:*

Handlingsprogrammet er og tydeleg med mange gode og konkrete tiltak. I handlingsprogrammet, kapittel 7.2 om planlegging, er eit av tiltaka at klimaarbeidet vert prioritert i kommuneplanar og kommunedelplanar. Vi stiller oss bak dette, og vil streke under viktigheita av samordna bustad,- areal,- og transportplanlegging. Ein meir konsentrert og arealeffektiv bruk av areal vil også kunne føre til lågare utslepp gjennom mindre utslepp frå omdisponering av t.d. myr.

Austrheim kommune sin kommentar:

Austrheim kommune tek merknaden deira til orientering.

4.Vestland fylkeskommune, deira merknad er datert den 13.05.2022. Dei skriv mellom anna at: *Kommunen set seg mål om å vere utsleppsfri innan 2030, men har ingen tiltak knytt til sektoren sjøfart, som er den klårt høgste utsleppssektoren. Vi ser heller ingen tiltak knytt til kapittel 6.3 Forventa klimakonsekvensar for folkehelse. Vi oppmodar kommunen om å lage tiltak som svarar til utfordringane i kommunen som går fram i dei ulike kapittel i planen.*

Dei skriv og at. Det er bra at kommunen set seg ambisiøse utsleppsmål. Fylkeskommunen oppmodar kommunen om å legge inn tiltak i planen sitt handlingsprogram som gjer at ein når desse måla. Det vil seie tiltak innanfor alle utsleppssektorar, og tiltak som går på dei indirekte utsleppa. Fylkeskommunen oppmodar elles kommunen om å inkludere alle aspekt av klimarisiko i planarbeidet og i vidare arbeid med klima.

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regional kulturminnemynde.

Dei skriv mellom anna følgjande: Ein bør satse på istandsetjing, gjenbruk og ny bruk av eksisterande bygningar og materiale, mellom anna gjennom nye tilskots- og incentivordningar. Ei slik tilnærming kan bidra til at kulturhistoriske verdiar i større grad blir ivareteke, noko som kan gje positive ringverknader på kort og lang sikt både sosialt, kulturelt og miljømessig. Særpreget og identiteten til lokalsamfunna blir ivareteke, samtidig som dei klimapolitiske målsetjingane blir underbygd.

Fylkeskommune skriv og at regional plan for Vestland vassregion 2022-2027 skal leggast til grunn for all kommunal planlegging og her finn ein også gode innspel til klimatilpassing. Restaurering av vassdrag, klimatilpassing og flaumsikring er eit prioritert område i vassforvaltningsplanen, og FN har peika ut perioden 2021-2030 for naturrestaurering. Målet er å hindre, stanse og reversere øydelegging av økosystem. Tiltak som førebyggjer skadeflaum og ras bør utførast slik at god økologisk tilstand vert nådd i vassdraga. Kantvegetasjon langs elvar og bekker kan førebyggje erosjon, forseinke flaum, auke opptak av næringsstoff før dei renn ut i elva og fører til eit auka artsmangfald. Etablering av kantvegetasjon langs elvar og bekker der dette manglar, er difor eit vinnvinn tiltak for klimatilpassing og naturmangfald.

Austrheim kommune sin kommentar:

Austrheim kommune tek inn viktige moment som er nemnd i uttalen frå Vestland fylkeskommune inn planen. Me motiverer og BKK -Nett AS og lokale rederi om å få på plass landstraum på viktige kaiar. Sjøfart er ei sak som kommunen har lite med, men me har fått landstraum til dei to ferjene i Austrheim. Me tek elles merknaden til orientering.

5.Naturvernforbundet Nordhordland, deira merknad er datert den 5.mai 2022. Dei skriv: *Planen er ambisiøs med mål om reduksjon av klimagassutsleppa med 50 % innan 2030 og 100 % innan 2050. Det krev djerve tiltak der innsatsen først og fremst vert retta inn mot å ta vare på dei store karbonlagra i kommunen, dvs. kystmyr, kystlynghei og tareskogane. Det krev dessutan ei berekraftig og fornuftig forvaltning av skog med vern av kystfuruskog der han finst og tiltak mot attgroing av kystlynghei med sitkagran og kratt. Plantefelt må skjøttast med norske treslag, ikkje svartelista utanlandske.*

I høve klimatilpassing vil rydding og skjøtsel av open kystlynghei vera eit av dei beste tiltaka. Eit slikt landskap bind store mengder karbon, motverkar utmarksbrann og styrkar sjølvforsyningsgraden med kortreist mat.

Naturvernforbundet sluttar seg elles til merknader frå Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren der det vert lagt stor vekt på arealbruk, bevaring av økosystem og naturbaserte løysingar. Naturvernforbundet skriv og følgjande: *I Austrheim er den nasjonalt viktige Øksnesmarka og dei store tareskogane utover mot Fedje- og Fensfjorden særleg sårbare. Omfattande utgraving av myr og utplanering av kystlynghei i Øksnesmarka vil gje store negative utslag i karbonrekneskapen som blir vanskeleg å hente inn att gjennom tiltak som til dømes elektrifisering og energieffektivisering.*

I kommuneplanen er det i stort omfang omdisponert myr til næringsføremål på Kaland. Kommunen slit dermed med ein negativ karbonbalanse som bør hentast inn i arealdisponeringa elles i kommunen. Etter Naturvernforbundet sitt syn må det føra til omlegging av næringsområdet i Øksnesmarka til LNF og ei restriktiv haldning til fiskeoppdrett som forureinar og bryt ned botnvegetasjonen på og i nærleiken av lokaliteten.

Dei skriv og at: *I utarbeiding av kommunedelplanen har Austrheim kommune valt å fokusera på*

klimatiltak framfor kartlegging av klimastatus og risikobiletet. Naturvernforbundet meiner dette svekker planen fordi han lett kan bomma på måla og føra til lite effektive tiltak.

Vi meiner at kommunen i alle høve må skaffa seg oversikt over dei største karbonlagra i kommunen (myr, våtmark, lynghei, skog og tareskog) for å hindra klimaskadeleg arealdisponering i kommuneplanar og reguleringsplanar. Særleg viktig blir denne kartlegginga i kommuneplanen sin arealdel.

Naturvernforbundet kjem og inn på andre planar i sin uttale: *Det vil vera naturleg å sjå klimaplanarbeidet i samanheng med andre planar som kommunen skal utarbeida dei næraste åra. Det gjeld især kommunedelplan for naturmangfald og temaplan mot attgroing. Ein slik temaplan vil saman med naturmangfaldplanen vera nyttig for å kartleggja og ta vare på dei store karbonlagra i kystlynghei, kystmyr, og naturbeitemark.*

Austrheim kommune sin kommentar:

Austrheim kommune tek inn viktige moment som er nemnd i uttalen frå Naturvernforbundet i Nordhordland inn planen. Politikk omkring arealbruken framover vart elles avklart i kommuneplanen sin arealdel som vart godkjent av kommunestyret den 11.04.2019. Reguleringsplanarbeid vil ha fokus på minst moglege klimaavtrykk i all utbygging. Me tek elles merknaden deira til orientering.

6.Børilden Naturvernforening, deira merknad er datert den 9. mai 2022. Dei skriv følgjande: *I møte med klimakrisen og naturkrisen må vi sørge for at de eksisterende økosystemtjenester fungerer. Vi trenger at økosystemet er sterkt og robust i møte med utfordringer og en usikker fremtid for naturen vår. Derfor er det viktig å la naturen være i fred og restaurere det som er ødelagt. Dette er også noen av de viktigste budskapene fra FN's Klimapanel siste rapport i 2022.*

Austrheim kommune sin kommentar:

Austrheim kommune tek inn viktige moment som er nemnd i uttalen frå Børilden Naturvernforening i inn planen. Me tek elles merknaden deira til orientering.

7.Per Lerøy, hans merknad er datert den 10. mai 2022. Han skriv følgjande:

Eg har fått innspel om at Sol-Vind-huset ved Austrheim vidaregåande skule bør nyttast betre for å formidla informasjon om teknologiar som kan nyttast til å produsera straum og varme. Austrheim kommune eig bygget som er utstyrt med solceller, vindturbin og varmpumpe samt utstyr som viser korleis det vert produsert energi.

Elles meiner eg at kommunen må ha ein strategi for oppvarming av dei kommunale bygga, samt satsa på produksjon av elektrisk kraft ved dei store kommunale bygga. Kommunen bør satsa på geovarme, solceller og mindre vindturbinar av den typen som står ved Sol-Vind-huset. Kommunen må også ha ein strategi for energigjenvinning av energi ved dei kommunale bygga og aktivt satsa på etterisolering og andre tiltak for å redusera energiforbruket. Lysanlegg både inne og ute bør innan ei gitt tid erstattast av moderne, energisparande anlegg.

Austrheim kommune sin kommentar:

Austrheim kommune tek inn viktige moment som er nemnd uttalen frå Per Lerøy inn planen som gjeld strategi for kommunale bygg og lysanlegg. Beskjed har gått vidare til Austrheim Vidaregåande skule om at Sol-Vind huset bør nyttast betre for å formidla informasjon om teknologiar som kan nyttast til å produsera straum og varme . Me tek elles merknaden hans til orientering.

Vurdering:

Kommunedirektøren viser til at kommestyret i Austrheim den 11.11.2021 kom med eit klårt politisk klimamål for kommunen. Dette vedtaket har vore førande i arbeidet med kommunedelplanen for klima og energi som no er klar til godkjenning.

For å nå 1,5- gradersmålet i verda må utsleppa reduserast med omtrent 50 % innan 2030 og vidare mot 100 % i 2050. Å få ein meir effektiv energibruk og miljøvennleg energiomlegging vil etter kommunedirektøren sitt syn og vera positivt for både omdøme og økonomien i kommunen vår. Med ein oppdatert kommunedelplan for klima og energi kan me søkje om støtte frå Enova og andre instansar til gode enøk-tiltak og fornybar energiproduksjon. Til dømes kan me no søkja om midlar til å utgreiia om det er fornuftig økonomisk og berekraftig å innstalera solceller eller vindturbinar på kommunale bygg og tak. Det gjeld og til varmepumper og andre investeringar som gjer at me sparar utslepp og reduserer energibruken vår. Det å få redusert kommunen sine indirekte og direkte utslepp av klimagassar og sikra meir effektiv energibruk og få til ei miljøvennleg energiomlegging har vore sentralt i dette planarbeidet. Planen vår viser kva mål og ambisjonar kommunen har for temaet, og kva tiltak som skal/bør gjennomførast. Gjennom planen er det lagt føringar for ynskt utvikling innan innkjøp, bygging og drift av kommunale bygg og anlegg, og for kva tiltak som kan og bør gjennomførast.

Det grøne skiftet må koma raskere og meir omfattande viser den nye rapporten frå FN som kom ut i februar 2022, det er ikkje lenger nok å berre kutta utslepp. Dette er konklusjonen i Delrapport 2: **Virkninger, klimatilpassing og sårbarhet fra FNs klimapanel (IPCC)**. Mellom 3,3 og 3,6 milliarder menneske lever i dag under tilhøve som gjer dei svært sårbare for endringane i klima. Alt i dag ved ein oppvarming på 1,1 grader ser me store konsekvensar på økosystem i alle regionar, både på land og i havet. FNs klimapanel kom i april 2022 med Delrapport 3, den handla om korleis me kan kutta i klimagassutslepp. Det å stoppa klimaendringene er også eit av FNs 17 berekraftsmål.

Kommunedirektøren meiner at Austrheim kommune skal vera ambisiøs i si satsing framover. Me bør mellom anna satsa på alternative energikjelder som fjordvarme, varmepumper og solenergi. Me må framover søkja aktivt på tilgjengeleg støtteordningar for enøktiltak og berekraftig energiproduksjon. Bygging av fleire gang- og sykkelveggar og tiltak innanfor friluftsliv, idrett og kultur som fremjar folkehelsa og minkar klimautsleppa i kommunen skal prioriterast. Med eit rikt og allsidig idrett, rekreasjon- og kulturliv i Austrheim kommune vil innbygarane våre kunne ha gode lokale tilbod.

Kommunedirektøren vil peika at alle må bidra aktivt i den største dugnaden verda vår no treng, det

hastar. **FNs klimapanel (IPCC) sin Delrapport 1** viser også klart at klimaendringane går raskare enn kva ein har konkludert med tidlegere. I FNs klimapanel sin Delrapport 2 vert dette følgt opp med å understreka at me må handla no, det haster med å få tilpassingar på plass, og desse må vera kraftigare enn det me har tenkt fram til no.

Kommunedirektøren synes det er viktig at klimatilpassing har vore eit viktig tema i dette planarbeidet. Varsla klimaendringar skjerpar og krava til fornuftig arealbruk og langsiktig planlegging. Det er viktig å ha ein god beredskap, men og førebyggja skade som kan koma av klimaendringar, dette kan vera fare for utmarksbrannar mot hus/infrastruktur, men og hetebølgjer og skadar som kan koma frå til dømes stormflo. Gode føresegner i planar vil kunna redusera faren for skade på tiltak/bygg framover på grunn av forventa havnivåstigninga. Følgjande tekst står som føresegn i kommuneplanen sin arealdel som vart godkjent den 11.04.2019: *Planlegging og utbygging skal utførast slik at bygg og anlegg ikkje tek skade av høg vasstand og stormflo (kote + 3 moh.).*

Kommunedirektøren meiner at alle kommunar må bidra aktivt i den største dugnaden verda vår no treng, det hastar. Klimaarbeid er ikkje lenger eit oppdrag for eldsjelene, dette er eit leiaransvar og då sjølvsgt eit politisk ansvar. Alle ansvarlege skal kunne svare på desse tre spørsmåla:

1. *Bidreg dette tiltaket, vedtaket eller prosjektet til ei klimaomstilling?*
2. *2. Bidreg dette tiltaket til auka eller reduserte klimagassutslepp?*
3. *3. Bidreg dette tiltaket og vedtaket til ein god klimatilpassing?*

Kommunedirektøren sluttar seg til Austrheim kommune sin kommentar til dei 8 uttalane som har kome til planforslaget. Komundelplanen for klima og energi vil leggja grunnlaget for målretta gjennomføring og val av tiltak, investeringar og prosjekt i kommunen. Kommunedirektøren rår med dette til at Austrheim kommune godkjenner **Kommunedelplan for klima og energi for Austrheim kommune 2022-2032.**

Konklusjon:

Austrheim kommune godkjenner Kommunedelplan for klima og energi for Austrheim kommune 2022-2032.

